



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Saksframlegg

«Beskrivelse»

«Paragraf»

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Nilsen, Haldis Karine	K2 - K20	17/1592

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
045/20	Formannskapet	PS	09.06.2020

REGIONALPLAN FOR KLIMATILPASNING - UTTALE FRÅ HJELMELAND KOMMUNE

Vedlegg:

Regionalplan for klimatilpasning i Rogaland - høring.pdf
AcosSvarInn.xml

Forslag til vedtak:

Hjelmeland kommune er positiv til forslag til regionalplan for klimatilpasning. For kommunar med mykje areal, samansette klimautfordringar og avgrensa administrativer ressurser, er det særleg viktig at fylkeskommunen satsar på nettverksarbeid, kursverksemd og konkret rettleiing. Det må setjast av midler til å følgja opp.

Hjelmeland vil peika på konkrete samarbeidsprosjekt innan rettleiing, som skogbruksprosjektet «Gode skogevegløysingar» (Hjelmeland kommune/Fylkesmannen/Fylkeskommunen, er framtidsretta tenking i høve til klimatilpassing.

Hjelmeland, den 28.05.2020

Wictor Juul
Rådmann

Formannskapet - 045/20

FSK - behandling:

Behandling:

Røysting:

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.



HJELMELAND KOMMUNE

FSK - vedtak:

Hjelmeland kommune er positiv til forslag til regionalplan for klimatilpasning. For kommunar med mykje areal, samansette klimautfordringar og avgrensa administrativer ressurser, er det særleg viktig at fylkeskommunen satsar på nettverksarbeid, kursverksemd og konkret rettleiing. Det må setjast av midler til å følgja opp.

Hjelmeland vil peika på konkrete samarbeidsprosjekt innan rettleiing, som skogbruksprosjektet «Gode skogevegløysingar» (Hjelmeland kommune/Fylkesmannen/Fylkeskommunen, er framtidsretta tenking i høve til klimatilpassing.

Saksopplysninger:

Samandrag

Rogaland fylkeskommune har laga utkast til regionalplan til klimatilpasning. Rådmannen er i hovudtrekk positiv til planen, og har eit forslag til uttale

Fakta

Rogaland Fylkeskommune har lagt fram forslag til regionalplan for klimatilpasning i Rogaland. Forslaget er resultat av ein omfattande involveringsprosess og faglege utgreiingar. Plandokumentet består av sju kapitel fordelte på rundt 70 sider. Inndelinga er slik: 1) Kva betyr klimatilpassing. 2) Om planen 3) Kva må me tilpassa oss til 4) Kva skal vi oppnå 5) Korleis skal det jobbast 6) Korleis følgjer me opp planen 7)Konsekvensar av planforslaget

Visjon er formulert slik: Saman for eit klimarobust og berekraftig Rogaland

Hovudmål er formulert slik: Vi skal sikra eit berekraftig samfunn som er godt førebudd på, og tilpassa klimaendringane.

Det er tre delmål: a) Kunnskap og kompetanse b)velfungerande økosystem og c) Klimarobust og tilpasningsdyktig samfunn.

Særleg kap 3 gir nyttig påminning om kva utfordringar me er oppe i – og som vil auka framover. For Hjelmeland er det nok utfordringar knytt til nedbør og bratt terreng som er blant dei største. Problematikk knytt til overvatn er elles ei aukande problemstilling ikkje berre i Hjelmeland!

Fylkeskommunen har peika ut fem satsingområde (sjå kap 5):

1. Klimatilpasning i alt me gjer
2. Klimakunnskap og innovasjon
3. Samarbeid og kompetansebygging på tvers
4. Engasjera til handling
5. Tilpasning til meir vatn

Under punkt 3 er nemnt partnerskap/samarbeidsavtalar mellom fylkeskommune og kommunar.



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Lovar, føresegner, rundskriv

Mange lovar og forskrifter handlar om klimahandtering. Vikitgast er kanskje plan og bygningloven og ulike lovverk knytt til vasshandtering. Sjølve regionalplanen har ingen direkte lovheimel.

Økonomiske konsekvensar

Tiltak vedr. klimatilpasning vil vera viktige og kostnadskrevjande prosjekt framover. Kva hjelp me kan få frå andre statlege og regionale styresmakter, vil betyr ein heil del

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Det vert her vist til gjeldande kommuneplan 2019-2031, som peikar på viktigheten av klimatilpasning og det grønne skiftet.

Konsekvensar for natumangfald, klima og miljø

Klimatilpasning – og mangel på det same – betyr mykje for naturmangfald og miljø.

Konsekvensar for barn, unge og folkehelse

Dette handlar om framtida for born og unge, og det er viktig at me peikar ut rette vegen å gå

Innkomne uttalar

Det er fylkeskommunen som har sendt saka på høyring

Vurdering og konklusjon

Hjelmeland er ein kjempestor kommune (nest størst i Rogaland og utgjør over 10% av arealet i heile fylket). I mange samanhenger vert me likevel betegna som ein liten kommune – noko me også er når det gjeld folketal og administrative ressursar. For ein kommune som vår er det ei utfordring når regionale og statlege styresmakter i aukande grad tek på seg tilsynsrolla i staden for rettleiingsrolla. Td var det før mykje meir hjelp å henta vedr. vassdrag frå NVE td i høve til førebygging av flaum. I dag peikar dei berre på det me veit frå før – her er det flaum eller rasfare; det må dykk løysa... Å få fylkeskommunen med på laget i høve til å få på banen meir kunnskap og rettleiing, er positivt. Rådmenn vil soleis peika på nettopp verdien av nettverksarbeid og partnerskap, slik det er skissert i satsingsområde 3. Rådmannen vil også peika på dette med klimatilpasning i høve til landbruk; verdien av tilgjengeleg rettleiing td ved skogsvegplanlegging og dyrking. Dei fleste av hus og hytter i kommunen er ikkje resultat av gjennomgripande rosanalyser, dei er etablert før slikt var tema. Difor kan sikring av område i etterkant vera aktuelle problemstillingar.

Rådmannen er glad for at fylkeskommunen løfter klimatilpasningsarbeidet opp til ei felles sak, og vonar det vert sett av midler til å følgja opp. I dag har kommunen eit felles skogsvegplanleggingsprosjekt med fylkeskommunen og Fylkesmannen. Slikt vil me gjerne ha meir av.



**HJELMELAND
KOMMUNE**